



FJORDFARET ARKITEKTKONTOR AS  
Ålvundfjordvegen 87  
6622 ÅLVUNDFJORD

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Astrid Buset, 71 25 85 41

## Innspel til oppstart av reguleringsplan - Sunndal - 112/30 mfl - detaljregulering Furulia

*Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.*

Vi viser til varsel om oppstart av detaljregulering for Furulia. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for nye bustader i Ålvundfjorden i samsvar med føringar for arealbruken i kommuneplanen.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande innspel til planarbeidet:

### Natur - grønstruktur

Grønstruktur er viktig for naturmangfald, nærfriluftsliv, leik og rekreasjon, og legg til rette for at innbyggjarane kan velje miljøvenlege transportmåtar. Grønstrukturen omfattar også vassdraga, som kan inngå som del av ei naturbasert, miljøskapande løysing for handtering av overvatn.

Grønstrukturen innafor planområdet og nærområda rundt må identifiserast, og grønstrukturen må sikrast gjennom arealføremål og føresegner i planen.

Vi viser til dei to rettleiarane [M100 Planlegging av grønstruktur i byer og tettsteder](#) og Veiledning [Hvordan håndtere overvann](#) frå Miljødirektoratet.

### Kantsone langs vassdrag

Det renn ein bekk gjennom planområdet. Etter vassressurslova § 11 er det langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring krav om å oppretthalde eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som skal motverke avrenning og gje levestad for plantar og dyr. Kantsonas økologiske funksjon er leveområde for artar, grønne korridorar og som næringsprodusent.

Kantvegetasjonen langs vatn og vassdrag er variert, ofte med stort biologisk mangfald og store naturverdiar. Overgangen mellom land og vatn gir rom for artar frå begge element, og for artar som er tilpassa dette brytningsområdet. Kantvegetasjonen gir skjul og skugge, som er viktig for fisk og organismar, særleg i mindre bekkar. Den gir mat for fisk og gode oppvekstområde for yngel. Kantvegetasjonen fungerer også som erosjonssikring og dempar flaum.

Tiltak i kantvegetasjonen skal i utgangspunktet ha særskilt løyve frå Statsforvaltaren etter vassressurslova § 11.

Det følgjer av vassressurslova § 20 at ein i størst mogleg grad skal samordne seg dersom ei sak blir omfatta av fleire lover. Det kan gjevast fritak frå søknadsplikta dersom forvaltingsmyndigheita finn at det i reguleringsplan for eit område er satt nødvendige vilkår som sikrar omsynet til kantsoner.

Gjennom planarbeidet må ein vurdere følgjande:

- I kva grad vil kantvegetasjonen langs vassdrag blir rørt.
- Breidda på kantvegetasjonen må fastsetjast ut frå ei konkret vurdering. Vegetasjonsbeltet må vere breitt nok til å hindre avrenning og danne leveområde for plantar og dyr.
- Økologisk funksjon må sjåast i samanheng med ev. nærliggande våtmarksmiljø, grøne korridorar (t.d. vilttrekk) og andre biotopar.
- Dersom det er naudsynt med midlertidig inngrep i kantvegetasjonen skal den rehabiliterast. Det må etablerast dominerande treslag (stadeigne) som bind jord- og elvekant. Ein må unngå gran som har dårleg erosjonshindrande eigenskapar og gir dårleg basis for biologisk mangfald. Gran er også utsett for vindfall og påfølgjande erosjon.
- Hogstavfall må fjernast frå vassdraget og frå elvekantane.
- Ein må unngå spreiding av framande artar, t.d. gjennom transporterte massar.
- Forsiktig skjøtsel (t.d. skånsam rydding, plukkhogst) kan tillatast; men den økologiske funksjonen må oppretthaldast.

Der det gjennom planarbeidet er tatt tilstrekkeleg omsyn til kantsona langs vassdrag gjennom planomtale og føresegner kan Statsforvaltaren gje fritak for behandling etter vassressurslova § 11.

Nærare opplysningar om kantvegetasjonen langs vassdrag finn ein på vår heimeside:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/Vatn/kantvegetasjon-langs-vassdrag/>

### **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. DSB har utarbeidd ein rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging». Denne rår mellom anna til at kommunen stiller kvalitetskrav til ROS-analysen.

Område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet som omsynssone, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Ved siste plannivå er det ikkje mogleg å skyve nærare avklaring av reell fare til byggesak. Kravet til ROS-analyse i pbl. § 4-3 vil då ikkje vere oppfylt.

Vi gjer merksam på «Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing». Denne seier mellom anna at ved planlegging av nye område for utbygging, fortetting eller transformasjon, skal det vurderast korleis omsynet til eit klima i endring kan sikrast. «[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)» gjev eit kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing i fylket.

Det er viktig at ROS-analysen inkluderer ei vurdering av kva effektar klimaendringar vil gje, om planområdet er utsett for klimaendringar, og vurdere konsekvensane klimaendring vil ha for planområdet og planlagde tiltak. Det bør leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og arealbruk med verdi for klimatilpassing som òg kan medverke til auka kvalitet i uteområde. Planar skal ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Det skal grunngjevast dersom naturbaserte løysingar ikkje veljast. Miljødirektoratet har laga ein [rettleiad](#) til korleis planar kan ta omsyn til klimaendringar.

### Avlaup

Utslepp av avlaupsvatn kan medføre redusert vasskvalitet i resipient. Statsforvaltaren føreset at avløpstilhøva vert utgreidd og dokumentert som del av planarbeidet. Det må gjerast ei vurdering av kva for betydning utsleppa frå den nye busetnaden vil få for den samla belastninga på resipienten.

Etter plan- og bygningslova § 27-2 «skal bortledning av avløpsvann være sikret og i samsvar med forurensningsloven» før ein kan opprette eller endre eigedom til bebyggelse eller godkjenning av oppføring av bygg. For kommunen inneberer dette at kommunen skal vere trygg på at dette er i orden før det vert gjeve løyve. Det må gå fram av plansaka kva for eit anlegg avlaupsvatnet frå dette planområdet skal førast til. Det må gjerast greie for kapasitet og reinsegrad på avlaupsanlegget. Eventuelt behov for oppgradering som følgje av slitasje på gamal infrastruktur og ny utbygging må vurderast. Avlaupsløysinga må planleggast og dimensjonerast ut frå dette.

### Støy

Delar av planområdet er utsett for vegtrafikkstøy frå fylkesvegen. Støy er eit miljøproblem som kan gje helseskadar. Problemstillingar knytt til støy skal i størst mogleg grad avklarast ved regulering jf. [Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T- 1442-2021](#), kap. 3.2 og [rettleiad M-2061](#). På detaljreguleringsnivå må støy avklarast til eit nivå der ein ser at utfordringane kan løysast.

Det skal utarbeidast ei støyfagleg utgreiing der støynivå vert talfesta i tabell/punkt i kart for representative høgder for støysensitiv busetnad, jf. tabell 2 i T-1442/2021. Støytiltak som går fram av støyutgreiinga skal innarbeidast i plankart og føresegner. Raud og gul støysone skal markerast som omsynssoner med tilhøyrande føresegner.

Som utgangspunkt bør støysensitiv busetnad og leikeareal/uteoppfallsareal ikkje leggast til støyutsette område. Byparkar, friområde og samanhengande grønstruktur i tettstadar er døme på område som er rekna som «stille område», i støyretningslinja med tilrådde grenseverdier i tabell 3.

### Born og unge

Born og unge har rett til eit oppvekstmiljø som gir tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknader, og som har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid er i samsvar med eksisterande kunnskap om born og unge sine behov, jf. [Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen](#). Kommunane skal legge retningslinja til grunn i sakshandsaminga, og gir statleg mynde grunnlag for å fremje motsegn til planar i strid med retningslinjene.

Planen vil legge til rette for fleire bustader i etablert bustadområde, og planområdet omfattar areal som er regulert til friområde. Området er kartlagt som eit viktig leike- og rekreasjonsområde i kommunen si friluftskartlegging i 2017-2018, sjå [faktaark i Naturbase](#). Her går det fram at området har ei grusbane med mål.

Dei rikspolitiske retningslinjene stiller krav til den kommunale planprosessen, og skal mellom anna:

- sikre at konsekvensane av eit planforslag for born og unge er tilstrekkeleg belyst (punkt 4 a),
- sikre at born og unge får medverke i planprosessar (punkt 4 d),
- sikre areal i nærmiljøet der born kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø (punkt 5 a),
- hindre at leikeareal vert sett på, og omdisponert til utbyggingsføremål (punkt 5 d).

Punkt 5 i retningslinjene stiller krav til fysisk utforming av areal og anlegg som skal nyttast av born og unge. I den vidare planprosessen vil vi følge opp om det blir gjort greie for verknadane planforslaget har på barn og unge. Vi vil også følgje opp om areal, inklusive snarvegar, som vert nytta av born og unge er tatt vare på, og om leikeareala er i samsvar med areal-, miljø- og avstandskrava i retningslinja og kommuneplanen.

Temarettleiaren [Barn og unge i plan og byggesak](#) frå Kommunal- og distriktsdepartementet og rundskriv [T-2/08 Om barn og planlegging](#), gir rammer for planarbeidet på dette området.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)  
plansamordnar

Astrid Buset  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*

#### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE  
STATENS VEGVESEN

Postboks 2500

6404 MOLDE

Postboks 1010

2605 LILLEHAMMER

Nordre Ål

SUNNDAL KOMMUNE

Postboks 94

6601 SUNNDALSØRA

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE) REGION VEST

Naustdalsvegen 1B

6800 FØRDE

---

**Fra:** Grete Marie Trædal <[grete.marie.tredal@sunndal.kommune.no](mailto:grete.marie.tredal@sunndal.kommune.no)>

**Dato:** tirsdag, 9. mai 2023 kl. 10:40

**Til:** ola gautneb <[ola@fjordfaret.no](mailto:ola@fjordfaret.no)>

**Kopi:** Bjørn Røkkum <[Bjorn.Rokkum@sunndal.kommune.no](mailto:Bjorn.Rokkum@sunndal.kommune.no)>, Berit Skjevling <[Berit.Skjevling@sunndal.kommune.no](mailto:Berit.Skjevling@sunndal.kommune.no)>

**Emne:** SV: Vannforsyning Ålvundfjord

Hei!

Som jeg har nevnt til det kjedsommelige, har vi pr. i dag noe redusert kapasitet ved Ålvundfjord vannverk pga hyttetilknytninger. Flere av hyttene benyttes som bolig i hele sommerhalvåret, og det er ikke vannverket rustet for. Vi har derfor hatt en brønn stående på forsøkpumping, som etter snart et år med pumping nå viser innsug av saltvann i brønnen. Det jobbes kontinuerlig med å få til en erstatning her, og det er en mulighet for at vi har dette på stell før de nye boligene knyttes til. Jeg har diskutert saken med Berit og Bjørn, og vi har kommet fram til at vi tillater tilknytning, og så får vi leve med restriksjoner på hagevanning i varmeperioder fram til ny brønn er på plass.

Tilknytning til avløp er kontrollert, og dette er ikke noe problem! 😊

Vedlagt ligger ledningsanlegg i området rundt de nye leilighetene.

Mvh

Grete Marie

---

Fra: Kjell Bråten <[kjellbraten909@gmail.com](mailto:kjellbraten909@gmail.com)>

Sendt: Wednesday, May 3, 2023 7:25:51 PM

Til: [ola.gautneb <ola@fjordfare.no>](mailto:ola.gautneb@fjordfare.no)

Kopi: [post@sunndal.kommune.no](mailto:post@sunndal.kommune.no) <[post@sunndal.kommune.no](mailto:post@sunndal.kommune.no)>

Emne: Merknader til planforslag Furulia

Hei,

Merknader til planforslag Furulia

Vi, beboere, i Furulivegen er bekymret for tilkomsten til prosjektet som planlegges.

I dag er Furulivegen en blindvei, der veien fra fellesgarasjen og til enden av Furulivegen var prosjektert som en gangvei. Da husene var ferdig bygget ble det asfaltert av kommunen rett oppå denne gangveien. På midten av 80-tallet fikk vi lov til å bygge garasje på eiendommene og det ble kjøring til eiendommene.

Tidens tann har redusert standarden på veien og vi ser at veien i dag ikke tåler belastningen av søppelbil og brøytetraktor. Dersom anleggstrafikken i byggeperioden skal gå gjennom Furulivegen, vil ikke veien holde. Vi krever at veien blir oppgradert.

Vi som kjøpte tomtene på 80-tallet kjøpte akkurat disse tomtene fordi de lå i en blindvei. Med 12 nye enheter vil trafikken inn i feltet bli økt med minst 200%, det blir mer støy og mer støv. Vi mener dette kan redusere bokvaliteten og verdien på eiendommene våre.

Enden av Furulivegen blir i dag brukt til gjesteparkering og opplagring av snø fra brøytetraktor på vinterstid. Dette er en fordel vi nå mister.

I Ålvundfjorden er vi i dag plaget av vannmangel på sommeren. Vi får ofte beskjed om vanningsforbud. Men 12 nye enheter blir ikke problemet noe bedre. Vi regner med at kommunen øker kapasiteten på sitt VA-anlegget.

Med hilsen

Sigurd Stavheim og Astrid Haugen Stavheim, Furulivegen 1

Eva Ludvigsen, Furulivegen 4

Petter Vådal, Furulivegen 5

Liv Resell, Øivind Resell og Simen Resell, Furulivegen 6

Mildrid og Kjell Bråten, Furulivegen 7



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

FJORDFARET ARKITEKTKONTOR AS  
Ålvundfjordvegen 87  
6622 ÅLVUNDFJORD

Deres ref:	Deres dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Vår dato:
	20.04.2023	55188/2023/REGULERINGSPLAN/1563	Johnny Loen, 71 28 02 43	03.05.2023

## Sunnadal kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Furulia gbnr 112/30 m.fl. - fråsegn til varsel om oppstart

*Fylkeskommunen utgjør det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øverste myndighet.*

*Fylkeskommunen er på vegne av staten delegert forvaltingsmyndighet blant annet innen samferdsel, kulturminnevern, vannressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådriver for regional utvikling og som tjenesteleverandør innen kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, sammen med lover, forskrifter og retningslinjer styrende for hvordan de ulike rollene og oppgavene blir samordna og løst, også når vi er høringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi tilrår at alle kommuneplaner blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.*

### INNLEDNING

Saken gjelder oppstart av reguleringsarbeid med sikte på 12 boenheter i et mindre areal i Handlarstuhamran i Ålvundfjord. Fylkeskommunen har ut fra våre ansvarsområder følgende merknader:

### INNSPILL TIL PLANARBEIDET

#### Planfaglige merknader

Referatet fra oppstartmøtet med kommunen bør legges ved oversendelse. Dette ligger nå på kommunens hjemmesider, men lå ikke der da vi mottok sendinga.

Planframlegget utfordrer ikke arealformålet i kommuneplanens arealdel fra 2019. Kommuneplanen fastslår likevel at reguleringsplan fra 1976 skal gjelde foran (hensynssone 910). I reguleringsplanen er det meste av arealet avsatt som friområde, men en del også som allmenntilgjengelig formål (her bedehus). Deler av friområdet er i følge oversendinga opparbeidd som leikeplass. Ut fra flyfoto ser dette ut til å være en ballplass.

Oppstartvarslet viser at man allerede har kommet ganske langt i utforminga av byggeprosjektet. Reguleringsinstituttet er designa for å sikre at innspill underveis skal være formgivende for resultatet, ikke for å skape juridisk grunnlag for gjennomføring av ferdig tenkte prosjekt. Når mange viktige avgjørelser allerede er tatt, betyr dette i

praksis at rommet for medvirkning er redusert, sjøl om det kanskje ikke er en intensjon i seg sjøl.

Når dette er sagt, vil fylkeskommunen være positiv til at boligområdene i Ålvundfjord fortettes, og gjerne med andre boformer enn eneboliger, som i dag dominerer området. Handlarstuhamran har allerede et preg av nokså tett boligkonsentrasjon. Det er dagligvarebutikk i nærheten, ikke langt til barneskole, og barnehage ligger underveis til kommunens største konsentrasjon av arbeidsplasser; kommunesenteret på Sundalsøra.

Vi registrerer at oppstartvarslet, inkludert referatet fra oppstartmøtet, drøfter de forholdene som vi finner relevante for saken, og har ikke merknader til at planarbeidet settes i gang med de intensjonene som er lagt for dagen.

### **Samferdsel**

#### Fylkesveg 670 ved planområdet

Fylkesveg 670 har på strekningen en gjennomsnittlig årsdøgntrafikk på 772 kjøretøy (11 % del lange kjøretøy, år 2022) og fartsgrensen er 60 km/t. Veggen er i *Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar* gitt generell holdningsklasse 1 – *Meget streng* og byggegrense 50 meter målt fra senterlinje veg.

#### Fylkesvegen si byggegrense

Byggegrensene skal ta vare på trafiksikkerhet, vedlikehold og drift av vegnettet, arealbehov ved en eventuell utvidelse av veggen, og miljøet på eiendommene langs veggen. Planområdet er omfatta av reguleringsplan 19760900 *Handlarstuhamrane*, stadfesta 07.09.1976. Reguleringsplan har bestemmelse om byggelinje langs riksveg (fv 670 var riksveg fram til 2010).

Fylkeskommunen ønsker bebyggelse i størst mulig avstand fra fylkesvegen for å sikre hensynene nevnt over, og ber om at byggegrensa blir vurdert, beskrevet og tallfesta i plankartet, med egen bestemmelse.

#### Trafiksikkerhet

Planarbeidet må beskrive og vurdere trafikkøkning, trafikkløsninger for personbil, avfallshåndtering, ferjetrafikk, kollektivtrafikk, parkering, samt situasjonen for myke trafikanter og skolebarn. Planbeskrivelsen må ta utgangspunkt i planens influensområde, ikke bare arealet innafor plangrensa..

Vurderingene må omfatte nåværende/eksisterende situasjon, selve planforslaget, virkninger av planforslaget og eventuelle avbøtende tiltak.

Dagligvarebutikk ligger i kort avstand nord for planområdet og skole ligger om lag 1,2 km sør for planområdet. Med hensyn til trafiksikkerhet, er det nødvendig med tilrettelagt kryssingspunkt over fv 670 fra øst, til eksisterende gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, se håndbok V127 kapittel 6. Aktuelle tilretteleggingstiltak må vurderes konkret, for eksempel forsterka belysning i kryssingspunkt og i siktsone (2 m inn, 1,2 x stoppsikt (65 m)) og ventareal på begge sider av fylkesvegen.

#### Kjøretilkomst fra fylkesveg

Oversendinga opplyser at kjøretilkomst er tenkt lagt via Jostuvegen og Furulivegen. Dette gir reduksjon av én eksisterende direktetilkomst fra fylkesvegen. Vi vurderer dette som positivt.



Regulanten må vurdere i planbeskrivelsen om kryss fv 670 x kv Jostuvegen er opparbeidd i samsvar med gjeldende reguleringsplan og tekniske krav i N100. Dersom det er nødvendig med tiltak, må dette sikres gjennom rekkefølgekrav/-bestemmelse.

#### Stopsikt langs fylkesvegen

Ved utvida bruk av eksisterende kryss må det bli gjennomført kontroll av at sikten langs selve fylkesvegen er i samsvar med krav, jf. N100.

#### Fylkeskommunens eiendom

Fylkesvegens eiendomsområde, sikkerhetssone og ervervsareal må reguleres til formålet «annen veggrunn». Ervervsarealet = sikkerhetssonen + 2 meter målt fra vegkant. Sikkerhetssonen må bli beskrevet og vurdert i samsvar med handbok N101.

#### Støy

Støy må blir vurdert i samsvar med T-1442 og planforslaget må inkludere støysoner, nødvendige bestemmelser og eventuelt avbøtende tiltak, jf. også tekst om byggegrense over.

#### Fravik

Dersom gjeldende, tekniske krav ikke kan oppfylles, må det søkes fravik. Se lenker: [Korleis søke om fråvik frå vegnormalane \(mrfylke.no\)](#)  
[Fravik fra krav i vegnormal | Statens vegvesen](#).

Vi opplyser for ordens skyld om at vi vil måtte fremme innsigelse til et planforslag som ikke i tilstrekkelig grad ivaretar merknadene over. Ta gjerne kontakt dersom det er ønskelig med teams-møte i løpet av planprosessen. Plansamordner vil være kontaktperson.

### **KONKLUSJON**

Vi viser til innspill ovenfor og ber om at de blir tatt hensyn til i den videre behandling av saken.

Med hilsen

Ingunn Bekken Sjøholm  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli utsendt i papir*

#### Fagsaksbehandler:

Samferdsel: Rådgiver Ida Sigerseth, tlf. 71 28 05 48

#### Kopi:

Sunnal kommune  
Statsforvalteren i Møre og Romsdal  
Statens vegvesen

FJORDFARET ARKITEKTKONTOR AS  
Ålvundfjordvegen 87  
6622 ÅLVUNDFJORD

Deres ref:  
Vår ref: 2023/088270  
Dato: 04.05.2023  
Org.nr: 985399077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



## UTTALE TIL MELDING OM OPPSTART AV DETALJREGULERINGSPLAN FOR FURULIA I ÅLVUNDFJORDEN, SUNNDAL KOMMUNE

Mattilsynet har statlig sektormyndighet for bl.a. drikkevann, og skal følge opp det som gjelder drikkevann i private- og kommunale planer. Foruten Drikkevannsforskriften, vil også Plan- og bygningsloven, Vannforskriften (om vannområder) og Nasjonale mål for vann og helse være førende i planarbeidet.

Formålet med planen er å legge til rette for utbygging av boliger i form av leilighetsbygg med tilhørende nærelleplass og gangveg/sti.

Det må før utbygging sikres at vannverket som forsyner området har kapasitet til å levere nok vann med drikkevannskvalitet. Det er viktig at alle abonnenter i planområdet er sikret nok og helsemessig trygt vann under og etter anleggsperioden.

Vi kan ikke se at planene kommer i konflikt med drikkevannsforsyninga i området, men det kan finnes private vannverk som vi ikke har oversikt over. Eventuell konflikt med tekniske installasjoner for eksisterende drikkevannsforsyning eller private vannkilder må undersøkes.

Plan- og bygningsloven stiller krav til slukkevann. Dette ligger utenfor Mattilsynets myndighet, men må tas med i planlegging av drikkevannsforsyninga, da det vil ha innvirkning på dimensjoneringen av vannledningsnett.

Med hilsen

Magne Andreas Cartfjord Mo  
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.  
Dokumenter som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

